

Kommunestruktur

Referat frå møte mellom kommunane Aurland, Vik, Granvin, Ulvik, Vaksdal og Voss

Tid: Tysdag 9 desember 2014 frå kl 12-15

Stad: Fleischers hotel, Voss

Møtt:

- Aurland kommune v/ varaordfører og rådmann
- Vik kommune v/ordfører og rådmann
- Granvin herad v/ ordfører og rådmann
- Ulvik herad v/ordfører og rådmann
- Vaksdal kommune v/ ordfører og rådmann
- Voss kommune v/ordfører og rådmann (referent)

Bakgrunn

Regjeringa presenterte i kommuneproposisjonen (Prop. 95 S) våren 2014 eit opplegg for kommunereform. Kommunane har fått utgreiingsplikt i høve framtidig kommunestruktur. Voss er i ein sonderingsfaser og ut frå dette hadde ordføreren på Voss invitert inn nabokommunar for å drøfte:

- Kva er status i dei ulike kommunane?
- Moglege kommunemodellar i vårt område
- Veggen vidare

Diskusjon

Ordføreren la fram ein presentasjonen (vedlagt). Han fokuserte på fylgjande moment som er viktig for Voss i det arbeidet som no foregår i regionen:

- Voss ønskjer å vera pådrivar med grunnlag i rolla som regionsenter, men ikkje på tvers av ønskjer til våre naboar.
- Kommunane har ei plikt til å synleggjera alternativ.
- Bør ta omsyn til resten av fylket, vert det store kommunar, så bør me òg stå i saman
- Har vore i dialog med Vik og Aurland, men ikkje avgjort kva som skal utgreiast vidare.

Deretter vart det eit ordskifte der kommunane fortalte om status i sin kommune. Denne er som fylgjer :

Aurland kommune gjorde fylgjande formannskapsvedtak i okt. 2014:

1. *Aurland kommune er positiv til deltaking i ei felles utgreiing i regi av Sogn regionråd om gjennomføring og verknadane av ei kommunereform i indre Sogn. Dersom regionrådet ikkje semjast om å gjennomføre ei slik utgreiing, er kommunen positivt til ei utgreiing om kommunereforma i lag med andre kommunar. Kven dette kan vere må avklarast gjennom politiske initiativ og prosessar. Dersom andre kommunar i Sogn ønskjer å ta del i ei slik utgreiing er kommunen positiv til det.*
2. *Aurland kommune er positiv til deltaking i utgreiingsarbeidet om kommunestruktur saman med Voss kommune*

Vik kommune gjorde fylgjande kommunestyrevedtak i 2014:

Vik kommune er positiv til deltaking i ei felles utgreiing i regi av Sogn regionråd om gjennomføring og verknadane av ei kommunereform i indre Sogn. Dersom regionrådet ikkje klarar å semjast om å gjennomføra ei slik utgreiing, er Vik kommune positiv til ei utgreiing i lag med ein avgrensa del av kommunane.

Vik kommune er også positiv til deltaking i felles utgreiing om gjennomføring og verknadane av ei kommunereform med Voss og evt. andre omkringliggjande kommunar

Granvin herad gjorde fylgjande heradstyrevedtak i nov. 2014:

- 1. I tråd med den varsla kommunereforma ynskjer Granvin herad slå seg saman med ein eller fleire av nabokommunane.*
- 2. Med bakgrunn i Granvin heradsstyre si drøfting juni 2014 ynskjer Granvin herad å utgreia samanslåing av kommunane/herada Eidfjord, Ulvik, Ullensvang og Granvin.*

Ulvik herad gjorde fylgjande heradstyrevedtak i juni 2014:

Ordførar og rådmann får fullmakt til å starte arbeidet med utgreiing av mogleg framtidig samanslåing mellom Ulvik herad, Granvin herad, Eidfjord kommune og Ullensvang herad. Vedtaket vert gjort under føresetnad av at heradsstyra/kommunestyra i Granvin, Eidfjord og Ullensvang kjem fram til same konklusjon.

Vaksdal kommune gjorde fylgjande formannskapsvedtak nov.2014:

Rådmannen vert beden om å leggja fram sak for kommunestyret om organisering av arbeidsprosessen fram mot endeleg vedtak om ny kommunestruktur.

Arbeidet lyt me organisera i fleire fasar. Kommunestyret lyt ta avgjerd etter kvar fase og gje oppdrag for neste. Formannskapet ynskjer at det vert organisert som eit prosjekt (??) Saka lyt omfatta forslag til overordna framdriftsplan og plan for medverknad.

Kommunestrukturnotat lagt fram i kommunestyret 19.05.2014 vert ein del av saksgrunnlaget. Rådmannen vert beden om å leggje fram sak om prosjektplan for den første fasen, sonderingsfasen.

Sonderingsfasen bør innehalda følgjande alternativ:

- 1. Vaksdal kommune som no*
- 2. I lag med rådmennene i Osterøy og Samnanger:*
 - a) Osterøy, Samnanger og Vaksdal som del av storbyregion Bergen*
 - b) Ein ny kommune av Osterøy, Samnanger, Vaksdal og Arna bydel*
 - c) Ein ny kommune av Osterøy, Samnanger og Vaksdal**(Fusa kan inviterast med i desse sonderingane)*
- 3. Vaksdal kommune som del av Voss storkommune*
- 4. Vaksdal og Modalen kommunar*
- 5. Ei oppdeling av Vaksdal kommune*

I denne fasen skal rådmannen og ordførar leggja til rette for folkemøte i Eksingedalen og Bergsdalen og på Eidsland, Stamnes, Dale, Stanghelle og Vaksdal.

Kommunestyrerepresentantane skal inviterast med.

Voss kommune

Har ikkje gjort formelt politisk vedtak i høve framtidig retning for samarbeide. Men kommunestyret i Voss er orientert om dei initiativ som er tatt i høve nabokommunane. Konkret er det opna for vidare utgreiing med Aurland og Vik gjennom fylgjande felles pressemelding frå mai 2014:

Ordførarane i Aurland, Vik og Voss har i dag drøfta ei framtidig samarbeid mellom dei tre kommunane. Ordførarane er samde om å laga ei utgreiing om framtidig kommunikasjon og potensialet for næringsutvikling i regionen.

Vikafjellsveg, utbygd E16 og betre samarbeid med veg og jernbane Voss – Bergen vil styrka og samla regionen. På nærings sida er det eit stort potensiale særleg knytt til reiseliv og service.

Ordførarane vil ha fokus på å ha eit godt samarbeid med Bergensregionen. Aurland, Vik og Voss har allereie eit etablert samarbeidsforum, som ein kan byggja vidare på.

Regjeringa har satt i gang ei kommunereform. Denne vil dei tre ordførarane ta opp til drøfting i kvar sine kommunar.

Det er behov for utvida samarbeid og etablerte forvaltningsgrenser må ikkje vera til hinder for dette.

Når det gjeld Hardangerutgreiinga; Ulvik, Eidfjord, Granvin og Ullensvang, så er det lagt opp til at rådmannen i Ulvik vert engasjert som prosjektkoordinator og ansvarleg for gjennomføringa av denne. Han vert frikjøpt i 40% stilling frå nyttår - 1. juli 2015. Målsettinga er at utgreiinga skal kunne leggjast fram for heradstyret i juni 2015. Vidare arbeidast det med ein politisk viljesfråsegn/intensjonsplan.

Konklusjon:

- Kommunane Aurland og Vik ynskjer at Voss kommune skal ta initiativet for utgreiing av kommunestruktur med kommunane Aurland, Vik og Voss.
- Vaksdal kommune ser det naturleg at Voss tar eit initiativ opp mot Vaksdal kommune for å nærare vurdere Vaksdal som del av Voss storkommune
- Granvin herad og Ulvik herad har med bakgrunn i kommunestyrevedtaka fokus på å utgreie samanslåing med Eidfjord og Ullensvang og difor er det for tida mindre aktuelt å utgreie ein samanslåing med Voss kommune.
- Ordførar på Voss oppmoda ordførarane i Granvin og Ulvik om å vurdere alternativ også mot Voss for å få eit godt vedtaksgrunnlag.